I eit av arbeidsmøta vart det uttrykt at ein ynskte meir informasjon om korleis dei ulike skulane i kommunen fungerer og om dei har føresetnader for å gje elevane god opplæring og gode skulemiljø. Tysvær har til saman ni barne- og ungdomsskular i kommunen. Dei er spreitt over eit større geografisk område og dei varierer i størrelse. Fagmiljøa er mindre på dei små skulane, og det er ei hypotese at det er meir krevjande å rekruttere til mindre skular i distrikta. Ved mindre fagmiljø vil ein også vere meir sårbare for fråvær. Potensielle utfordringar knytt til fagmiljø kan også påverke kvaliteten til opplæringa av elevane, til dømes at skulane har tilstrekkelig kompetanse til å ha lærarar med riktig kompetanse i alle fag. Våren 2020 er ny skulebruksplan i Tysvær kommune til handsaming.

Det er ein risiko for at elevane får ulik kvalitet på opplæringa og skulemiljøet, avhengig av kva skule dei går på.

4.1.4 Beredskap; hendingar og katastrofar

I arbeidsmøte med kommunen var det uttrykt at Tysvær er ein sårbart kommune i høve beredskap. Kommunen sin geografi gjer at det kan vere krevjande å sikre tilstrekkelig beredskap i alle deler av kommunen. Til dømes er det eit krav at brannpersonell skal vere busett fem minutt frå aktuell brannstasjon, noko som kan gjere rekrutteringa krevjande. I arbeidsmøte vart det også sett spørsmål ved om kommunen har tilstrekkelig beredskap knytt til dei mindre hendingane. Vidare er det ein risiko for at kommunen sin digitale beredskap ikkje er tilstrekkelig.

Konsekvensen av ei katastrofe kan vere særstaka alvorleg, og vi har derfor vurdert denne risikoen som høg.

4.1.5 Morgondagens omsorgstenester

Tysvær kommune sine prognosar tilseier at dei framover vil få ein sterk auke eldre i kommunen. I kommunen sin strategi for morgondagens helse- og omsorgstenester er det fokus på at ein større del av dei eldre skal få heimebaserte tenester – i staden for på institusjon. I arbeidsmøte vart det stilt spørsmål ved om kommunen har gode strategiar, system og internkontroll for å ta vare på dei som er heime, og risikoen knytt til einsemd. Dette vart spesielt nemnd i høve dei som ikkje har familiære nettverk.

Ein annan viktig tematikk innanfor morgondagens omsorgstenester er samspelet mellom den kommunale omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Dei kommunale omsorgstenestene er i drift 24 timer i døgnet, medan andre sentrale instansar i kommunen, som tildelingskontoret og hjelpemiddelsentralen, har si drift innanfor normal arbeidstid. Det er risiko knytt til overgangane mellom dei ulike forvaltningsnivåa og at pasientane vert tilstrekkelig i varetatt. I ein forvaltningsrevisjon gjennomført i Tysvær kommune i 2019 vart det vurdert at roller og ansvar i høve å ivareta samarbeidsavtalar med Helse Fonna HF om utskrivingsklare pasientar verka avklart. Samstundes vurderte revisjonen at krava til dokumentasjon ved pasientmottak frå spesialisthelsetenesta vart i varierande grad tatt i vare og at kommunen fekk sjeldan oppdatert informasjon om innlagte pasientar i spesialisthelsetenesta. Det gjekk også fram at det var ein risiko for at avvik på samarbeidsavtalen med Helse Fonna HF vart underrapportert.

Innanfor morgondagens omsorgstenester vil velferdsteknologi og personvern også kunne vere sentrale tema. I forvaltningsrevisjonen frå 2019 gjekk det fram at kommunen hadde gode erfaringar med bruk av velferdsteknologi, men at teknologien var sårbar og krevjande, samstundes som det var vanskeleg å få tak i den teknologien ein treng.

4.1.6 Barnevernet

Det har vore mange medieoppslag knytt til barnevernet i Tysvær dei siste åra, dette er spesielt som følgje av ein sak som har fått mykje merksemd. Som følgje av denne saka tok Tysvær kommune sjølv initiativ til at eit ekspertutval skulle gå gjennom barnevernet i kommunen og deira internkontroll. Ekspertutvalet konkluderte blant anna med at det var mangelfulle system og rutinar knytt til barnevernsarbeidet. Dette utgjer ein risiko for manglar ved tenestetilbodet til brukarane. Barnevernet var identifisert som eit relevant, prioritert område for forvaltningsrevisjon i førre plan, men det vart ikkje gjennomført noko prosjekt på det i perioden.

4.2 Regulatorisk risiko

4.2.1 Personvern og informasjonssikkerheit

Digitaliseringa gjer at kommunane i større grad må ha kompetanse og innsikt til å forvalte personvern og informasjonstryggleik. Dette gjeld også på leiarnivå.

I kommunal verksemd har personvern ein høg, ibuande risiko, då kommunen handterer ei rekke sensitive personopplysningar om innbyggjarar og tilsette. Dette stiller krav til at kommunen har eit system som tek i vare personvernreglementet, som dei tilsette er kjend med og som dei etterlev. Kommunen må vidare ha kompetanse til å implementere løysingar som tek i vare informasjonssikkerheita. Regelverket stiller strenge krav til kommunane i høve personvern og informasjonssikkerheit. Samstundes har ein i seinare tid sett eksempel på saker i media som viser at enkelte kommunar ikkje er gode nok til å handtere sensitive opplysningar.

Informasjonssikkerheit var eit prioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden.

Denne risikoen er i høve sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg. Konsekvensen av mangefull handsaming av personvern og informasjonssikkerheit er alvorleg.

4.2.2 Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde

Administrasjonen og dei folkevalde har ulike roller og ansvar i ein kommune og det føreligg ein risiko for at ein ikkje alltid etterlev dei ulike rollene og ansvaret. Tysvær kommune er ein liten kommune, som gjer at vegen mellom innbyggjarar, tilsette og politikarar kan vere kort. Dette kan vere eit utfordring, og det kan føre til at både folkevalde og tilsette kan oppleve press frå innbyggjarar i høve deira beslutningsmynde som kan vere krevjande å handtere for den enkelte. I ein forvaltningsrevisjon gjennomført våren 2020, er det kome fram eksempel på at innbyggjarane går direkte til overordna mynde, istadenfor til forvaltningsorganet.

4.2.3 Kontraktsoppfølging

I prosessen er det kome innspel på at Tysvær kommune har utfordringar i høve kontraktsoppfølging, irekna manglande fordeling av roller, ansvar og fullmakter.

Kontraktsoppfølging er sentralt for å sikre tenester og leveransar i riktig omfang og til rett pris. Det er ein risiko for at kontraktsoppfølging i Tysvær kommune ikkje vert prioritert i stilstrekkelig grad. Manglande kontraktsoppfølging kan føre til brot på anskaffingsregleverket. Det er også økonomisk risiko knytt til manglande kontraktsoppfølging, ved at kommunen ikkje sikrar seg at dei betaler riktige priser, i samsvar med kontrakt. Ved at kontraktane ikkje vert følgje opp, kan kommunen også glipp av inntekter i form av bøtelegging ved kontraktbrot frå leverandøren si side.

I høve sannsyn og konsekvens er denne risikoen vurdert til å vere høg, ettersom sannsynet er relativt høgt medan konsekvensen er vurdert til å vere middels.

4.3 Strategisk risiko

4.3.1 Mangefull måloppnåing knytt til miljø

I samfunnet er det eit auka fokus på miljø og berekraftige verksemder. Det går fram av kommunen sine planar at Tysvær har som mål å jobbe heilskapleg og målretta for å redusere klimagassutslepp og ressursbruk i alle delar av Tysværsamfunnet, og har som ambisjon om å ta i bruk miljøvennlige energi- og transportløysingar. Samstundes har kommunen i liten grad hatt fokus på klima og miljø fram til no. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) sine data har kommunen noko høgare energiutgifter og -kostnader per kvadratmeter enn landet utan Oslo og Rogaland. Kommunen har også lågare del energi som kjem frå fornybare kjelder og høgare utslepp av CO₂ knytt til energibruk enn gjennomsnittet i landet utan Oslo, Rogaland og KOSTRA grupper⁵. Manglande fokus på klima- og miljøutfordringar vil kunne utgjere ein omdørmerisiko for kommunen.

4.3.2 Manglande kompetanse

Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. I arbeidsmøta vart det tydeleg at Tysvær kommune, i likskap med andre kommunar, opplever fleire utfordringar knytt til kompetanse og rekruttering, både på noverande tidspunkt, og framover. Dette gjeld både å sikre rett kompetanse, men også i høve å ha tilstrekkelig med kapasitet / kompetente medarbeidarar til å sikre at kommunen kan levere sine tenester.

Innanfor helse og mestring opplever ein spesielt eit aukande krav til kompetanse ved at ein får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Samstundes har denne sektoren døgnkontinuerlig drift, som fører til at ein gjerne har deltidsstillingar for å få drifta til å gå opp. Deltidsstillingar er også

⁵ KOSTRA-gruppe er Statistisk sentralbyrå (SSB) sin standard for kommuneinndeling, basert på fleire indikatorar. Formålet med å dele kommunane inn i KOSTRA-grupper er å kunne samanlikne nøkkeltalet på tvers av samanliknbarer kommunar. Tysvær kommune høyrer til KOSTRA-gruppe 12.

ein utfording innanfor andre område enn helse og omsorg. Det er også kome innspel på at kommunen har eit forbettingspotensial med tanke på samhandling internt i kommunen for å sikre effektiv utnytting av ressursane.

Det vart også nemnt i arbeidsmøte at kommunen har ei rekke eldre lærarar som nærmar seg pensjonsalder, og at ein soleis vil ha eit sterkt kompetansebehov også i denne sektoren.

I høve kompetanse og rekruttering ser også kommunen det som ei potensiell utfroding at dei har relativt små fagmiljø og at det kan vere krevjande å få rekruttert til desse fagmiljø. Til dømes manglar kommunen kompetanse innan bygningsvern.

Tysvær er i sterk konkurranse med dei omliggande kommunane i høve å sikre seg riktig kompetanse.

Endringar i samfunnet fører også til at ein må ha ein meir endringsdyktig arbeidsstyrke enn tidlegare. Dette betyr at kommunen i større grad må verte betre på å skulere og omskulere sine tilsette. Det vert også nemnt i arbeidsmøte at kommunen må verte betre på dialogen med utdanningsmarknaden i høve å signalisere kva kompetanse dei har behov for framover.

Manglande kompetanse vil kunne føre til at kommunen ikkje får ytt tenestar til sine innbyggjarar i tilstrekkeleg grad.

I høve denne risikoen er både sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg.

4.3.3 Hensiktsmessig målstyring

Kommunen gjennomfører endringar, prosjekt og strategiar fortløpende. Ein har i liten grad systematisert vurdering av effektar av tiltaka som vert sett i verk. Til dømes snakkar ein mykje om effektar i forkant av omorganiseringar, endringar i infrastruktur eller ved innføringa av ny teknologi. Samstundes har ein liten systematikk i å følgje opp korvidt desse tiltaka gjev effekt i samsvar med intension. Dette medfører ein risiko for at ein vidarefører ikkje-treffande tiltak.

4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitelet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

4.4.1 Haugaland interkommunale miljøverk IKS

Haugaland interkommunale miljøverk gjennomfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver. Dette selskapet kan vere relevant for forvaltningsrevisjon ettersom det vil vere ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidierig mellom den lovpålagnede delen og næringsdelen av verksemda grunna selskapet sin type organisering. Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen og det vil vere ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap versus som er i kommunal drift.

4.4.2 Haugaland Brann IKS

Haugaland Brann har vore i drift sidan 2018, nøkkeltala til selskapet viser eit negativt årsresultat i 2018. Selskapet tek i vare ein viktig del av kommunen sine oppgåver ved at dei har ansvar for å løyse oppgåver og plikter etter brannvernloven. Det vil vere ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap versus som er i kommunal drift.

4.4.3 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS tek i vare kommunen sine oppgåver i høve å gje innbyggjarane eit krisesentertilbod og har soleis eit viktig samfunnsansvar. Det er mange kommunar som er eigrarar i selskapet, noko som kan utgjere ein risiko for at oppfølginga med selskapet er fragmentert.

5. Risiko- og vesentlegvurdering

- av kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll. Dette er primært områder/selskap kor det er identifisert risiko for mangefull eigarstyring frå kommunen, eller kor eigarskapet i seg sjølv kan utgjere ein risiko.

Den siste eigarskapsmeldinga frå Tysvær kommune vart vedteken i 2016. Kommunen har som mål å behandla eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperioden. I følgje Tysvær kommune si eigarskapsmelding tek kommunen utgangspunkt i KS sine tilrådingar for eigarstyring i høve kva prinsipp, reglar og rutinar som gjeld for Tysvær kommune sin eigarskapspolitikk.

Nedanfor vert det presentert område/risikoar og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll.

5.1 Generell eigarstyring

Selskapskontrollen som vart gjennomført av Karmsund Hamn IKS i 2018 synte at kommunen på enkelte punkt ikkje følgde eigne prinsipp i høve styringa av selskapet. Tysvær kommune informerte mellom anna om at det ikkje er etablert ein fast rutine for å legge til rette for kommuneintern dialog i forkant av møter i representantskap. Det blei vist til kommunen si eigarskapsmelding om at dette var ein rutine som dei skulle få på plass. Det at kommunen sin praksis ikkje samstemte med etablerte rutinar, gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med verksemda som er sett ut i eigne selskap.

5.2 Selskap identifisert for eigarskapskontroll

5.2.1 Haugaland Kraft AS

I følgje Tysvær kommune si eigarskapsmelding er formålet med eigarskapet i Haugaland Kraft AS langsiktig og finansielt, med målsetting om avkastning på investert kapital. Formålet med eigarskapet tilseier at kommunen bør ha ei løpende oppfølging av selskapet.

5.2.2 Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

Haugaland interkommunale miljøverk IKS (HIM) utfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver. I følgje Tysvær kommune er eigarskapet regional- og miljøpolitiske motivert, samstundes som ein søker å oppnå stordriftsfordelar gjennom samarbeidet.

5.2.3 Haugaland Vekst IKS

Haugaland Vekst IKS var blant utvalde selskap for kontroll i førre plan for selskapskontroll, men kontroll har ikkje vore utført hittil. Selskapet fekk endra fokusområde frå 2019, kor selskapet skal arbeide meir regionalt enn tidligare. Samstundes som kommunen har ein næringssjef som gjennomfører communal næringsplanlegging og utgreiing. Selskapet har ein viktig samfunnsfunksjon i høve å driva felles nærings- og regionalutviklingsarbeid for eigarkommunane. Manglande oppfølging av eigarinteressene i selskapet kan potensielt påverke korleis kommunen sine interesser i høve næringsområdet på regionalt nivå vert utøvd.

5.2.4 Friluftsrådet Vest

I arbeidsmøte med administrasjonen gjekk det fram at dei opplevde å ha liten informasjon om samarbeidsorganet Friluftsrådet Vest. Det er ein risiko for at kommunen har hatt manglande oppfølging av samarbeidsorganet.

Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering

Teoretisk fundament

Det går fram av kommuneloven § 23-3 og § 23-4 at plan for forvalningsrevision og eigarskapskontroll skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga har KPMG vektlagt risiko for avvik med vesentlege sider ved verksemda og tenestene til Tysvær kommune, og kor alvorlege konsekvensar desse avvika kan få. Omgrepa er av KPMG definert slik:

Risiko – handlar om å identifisere kor sannsynleg det er for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utøvd. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- ✓ Lovverk og andre reguleringar
- ✓ Formål, vedtak og målsettingar
- ✓ Planverk og strategiar
- ✓ Organisering
- ✓ Budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og er særleg knytt til vurderinga av betydinga for kommunen av konsekvensane dersom ein gitt risiko inntreff. Viktige kriterie for vesentlegheit er mellom anna:

- ✓ Liv og helse
- ✓ Sikring av verdiar
- ✓ Brukarperspektivet – rettigheter og oppfylling og kvalitet
- ✓ Kostnadseffektivitet
- ✓ Folkestyret
- ✓ Område med politisk aktualitet
- ✓ Kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapa kommunen har eigarskap i
- ✓ Om selskapa kommunen har eigarskap i primært er retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver

Risiko- og vesentlegvurderinga er fundamentet for dei områda kontrollutvalet og kommunestyret skal prioritere for forvalningsrevision. Derfor har det vore særstakt viktig å identifisere område som har ein ibuande høg risiko, vesentleg grad av uønskte konsekvensar dersom risiko inntreff, og som det potensielt vil vere nyttig å gjennomføre revisjon på, sett frå ein politisk ståstad, frå administrasjonen sin ståstad og ut i frå eit brukarperspektiv. Dette inneber at vi i arbeidet har tatt høgde for område kor revisjon kan ha verdi for kommunen i eit forbetnings- og læringsaugemed og kor revisjon kan ha


førebyggande karakter. Det vil sei at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på pågående prosjekt og prosessar kor revisjonen kan vere grunnlag for korrigerande grep.

Skjematiskt vil val av forvaltningsrevisionar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko som truar verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "silar" ut prosjekt i fire overordna steg. Dette kan illustrerast slik⁶:



Figur 1: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Analysen av identifiserte område og risiko er kategorisert i følgjande matrise:



Figur 2: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosess

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå høvesvis kontrollutval og kommunestyre. I tillegg har vi sendt ut ein kort spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere mulege område for forvaltningsrevisjon
3. Dokumentere analysen

Følgjande teknikkar har vore brukt for å samle inn data:

⁶ Dei to siste områda blir teken i vare av kontrollutvalet og kommunestyret.

✓ Dokumentanalyse

KPMG har innhenta og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen, blant anna årsmelding, kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, samt tidligare revisjonar og tilsyn og KOSTRA-statistikk.

✓ Arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar

KPMG har fasilitert to arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar. Eit arbeidsmøte med kontrollutvalet, politiske utvalseleiarar og ordførar. Vidare har vi hatt eit arbeidsmøte med rådmannsgruppa og hovudverneombod.

✓ Spørjeundersøking

Einingsleiarane i kommunen har blitt invitert til å gjennomføre ei kort spørjeundersøking.

✓ Arbeidsmøte for å vurdere dei identifiserte risikoane og prioritere prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll



Kontakt oss

Eirik Braut

Director

T +47 95 23 87 59

E eirik.braut@kpmg.no

Bjørg Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorg.sandven@kpmg.no

kpmg.no

Plan for forvaltningsrevisjon

2020-2024
Tysvær kommune

Dato 20XX

www.kpmg.no

Forord

Kontrollutvalet i Tysvær kommune gav i møtet 2.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. Planen for forvaltningsrevisjon er fundert i ein analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon med risiko- og vesentlegvurderinga som vedlegg. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Formålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Tysvær kommune som skal prioriterast for forvaltningsrevisjon.

Dette er ein plan for perioden 2020-2024.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av kommuneloven §23-3 om forvaltningsrevisjon¹.

¹ Lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner.

Innhald

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Formål	1
1.3 Metode	1
2. Tema for forvaltningsrevisjon	2
2.1 Identifiserte risikoar og aktuelle tema for forvaltningsrevisjon	2
2.2 Prioritering av område for forvaltningsrevisjon	3
Vedlegg 1 Utgreiing tema for forvaltningsrevisjon	4
Vedlegg 2 Om forvaltningsrevisjon	8

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter § 23.3 andre ledd i kommuneloven skal kontrollutvalet «*minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*»

Kontrollutvalet i Tysvær kommune gav i møtet 2.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

1.2 Formål

Formålet med plan for forvaltningsrevisjon er å presentere område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i planperioden 2020-2024.

1.3 Metode

Som det går fram av kommuneloven § 23-3 skal plan for forvaltningsrevisjon vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Risiko- og vesentlegvurderinga for Tysvær kommune er vedlagt planen og utgjer grunnlaget for framlegg av denne planen. Skildringa av metode for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering går fram av vedlegget.

2. Tema for forvaltningsrevisjon

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område/riskoar som er vurdert som særleg relevante for forvaltningsrevisjon, basert på risiko- og vesentlegvurderinga som er gjennomført. Her vert også tematikk som *kan* vere relevant i ein forvaltningsrevisjon presentert.

2.1 Identifiserte risikoar og aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei områda frå risiko- og vesentlegvurderinga som kontrollutvalet vurderer som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden. Sjå også vedlegg 1 for ei nærmare utgreiing av dei aktuelle områda/hendingane, i vedlegget går alle områda som vart identifisert i risiko- og vesentlegvurderinga fram.

Område/hending	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon
Beredskap; hendingar og katastrofar	<ul style="list-style-type: none">• Korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkelig.• Korleis kommunen arbeider med IT sikkerhet og den digitale beredskapen.• Evaluering av kommunen si handtering av pandemien i 2020.
Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen arbeider med risikoen knytt til reduksjon i inntektsgrunnlaget, erekna kva tiltak som er sett i verk og oppfølginga av desse.• Økonomistyringsrutinar - drift og investering.• Korleis kommunen har arbeid med tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen frå 2017.
Barnevernet	<ul style="list-style-type: none">• I kva grad etterlev Tysvær kommune gjeldande regelverk og rettleiarar innanfor barnevern.• Vurdere oppfølging av tiltak som er verksett i barnevernet som følgje av ekspertutvalet sin gjennomgang.
Kontraktsoppfølging	<ul style="list-style-type: none">• I kva grad har kommunen etablert system og rutinar i høve innkjøp som sikrar etterleving av anskaffingsregelverket og oppfølging av kontrakt og om desse etterlevast.
Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde	<ul style="list-style-type: none">• I kva grad har kommunen etablert tilstrekkelige system som sikrar at sakshandsaminga føregår i samsvar med eige delegasjonsreglement, lov og forskrift.
Manglande kompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Korleis Tysvær kommune arbeider med å sikre riktig kompetanse.• Korleis kommunen arbeider med å omstille arbeidskrafta dei har, i høve tiltak for kompetanseutvikling og heiltidsstillingar.

2.2 Prioritering av område for forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer kommunestyret følgjande område for forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

Andre område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon er:

Vedlegg 1 Utgreiing tema for forvaltningsrevisjon

Her føl ei nærmare utgreiing av områda/hendingane som vart identifisert i risiko- og vesentlegvurderinga i høve tema som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon.

Operativ risiko

Beredskap; hendingar og katastrofar

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan gå gjennom korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkelig. I dagens digitale samfunn vil det også vere relevant å vurdere korleis kommunen arbeider med IT sikkerhet og den digitale beredskapen. Til dømes kan velferdsteknologi vere eit interessant tema å gå inn på i høve IT sikkerhet. Ved pågåande arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga er Noreg ramma av ein pandemi. Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i perioden som evaluerer kommunen si handtering av pandemien i 2020.

Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag og omstillingsevne

Tema for forvaltningsrevisjon innanfor området kan til dømes vurdere korleis kommunen har arbeid med tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen som vart gjennomført i 2017. Det vil også vere relevant å fokusere på korleis kommunen som heilheit arbeidar med risikoen knytt til reduksjon i inntektsgrunnlaget, irekna kva tiltak som er sett i verk og oppfølginga av desse.

Det kan også vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som vurderer i kva grad kommunen har etablerte økonomistyringsrutinar som sikrar kommunen oppdatert informasjon om drifta, irekna korleis kommunen sikrar seg at dei følgjer opp inntektene dei har krav på. Når ein ser på økonomistyring, vil det også kunne vere relevant og vurdere korleis kommunen følgjer opp økonomistyringa i investeringsprosjekt.

IKT-systema understøtter ikkje verksemda sine behov

Tema for forvaltningsrevisjon innanfor området vil kunne vurdere korleis kommunen arbeider heilskapleg med digitalisering og innføringa av nye IKT-verktøy. Irekna korleis kommunen arbeider med målsettingar for digitalisering, og vidare korleis initiativa innanfor digitalisering støtter desse målsettingane. Irekna kva strategiar og plana kommunen har knytt til investeringar innanfor IKT-området. Gjennom forvaltningsrevisjon kan ein både vurdere kommunen si porteføljestyring, men også sjå på enkelprosjekt. Ved vurdering av enkelprosjekt vil det kunne vere interessant å vurdere korleis kommunen arbeider med prosjekta frå ide, og vidare med fasane prioritering, implementering og gevinstrealisering.

Elevane - opplæring og skolemiljø

Forvaltningsrevisjon innanfor området vil kunne analysere om det er forskjellar mellom dei ulike skulane i kommunen i høve utfordringar knytt til fagmiljø, opplæring og skolemiljø. Til dømes kan det vere relevant å vurdere om ein har tilstrekkelig kompetanse ved skulane, innanfor dei ulike fagområda, irekna kompetanse knytt til spesialundervisning. Det kan også vere aktuelt å analysere resultatet av opplæringa mellom dei ulike skulane og korleis skolemiljøet varierer mellom dei ulike skulane. Her vil det også kunne vere relevant å vurdere korleis dei ulike skulane vert drifta og vedlikehaldet, og om det er forskjell i kvaliteten på dei fysiske skolemiljøa.

Morgondagens omsorgstenester

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon vil kunne vere å vurdere korvidt kommunen oppfyller lovkrava i dei heimebaserte tenestane, om dei har eit internkontrollsysteem som tek i vare lovkrava og måla med den heimebaserte tenesta. Det vil også kunne vere relevant å vurdere korleis kommunen sitt samla omsorgstilbod tek i vare behova til dei som bur heime. Vidare vil det kunne vere relevant å vurdere korvidt kommunen har ein heilsakapleg strategi for velferdsteknologi. Det kan også vere hensiktsmessig å vurdere om kommunen har etablert tilstrekkelige beredskapsrutinar i høve velferdsteknologi og potensielle risikoar som straumbrot, etc. Innanfor temaet morgondagens omsorgstenester vil det også kunne vere aktuelt å følgje opp funna i høve forvaltningsrevisjonen frå 2019, og då spesielt i høve korleis informasjonsutvekslinga med spesialisthelsetenesta vert ivaretaken.

Barnevernet

Ein forvaltningsrevisjon av barnevernet kan ha som formål å sjå på korleis Tysvær kommune etterlev gjeldande regelverk og rettleiarar innanfor barnevern. Det vil kunne vere særleg relevant å vurdere tiltaka som er verksett i barnevernet som følgje av ekspertutvalet² sin gjennomgang. Vidare kan forvaltningsrevisjonen også korleis desse tiltaka er implementert. Barnevernet var identifisert som eit relevant, prioritert område for forvaltningsrevisjon i førre plan, men det vart ikkje gjennomført noko prosjekt på det i perioden.

Regulatorisk risiko

Personvern og informasjonssikkerheit

Innanfor dette området vil det kunne vere interessant å gjennomføre forvaltningsrevisjon i høve korleis kommunen varetek informasjonssikkerheita og personvernlovgivinga. Her vil det kunne vere interessant å vurdere kva styringssystem som er etablert i kommunen. Vidare vil det vere hensiktsmessig å gå inn i enkelte sektorar for å vurdere korleis dette vert ivaretatt nedover i organisasjonen. Både helse- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren handterer ei stor mengde personsensitive data. Det kan vere relevant å vurdere prosessane knytt til implementering av nye løysingar – og då spesielt i høve om det vert gjennomført lovlegheits- og risikovurderinger. Vidare kan det vere relevant å vurdere om ein har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse i dei delane av organisasjonen som skal forvalte løysingane.

Kontraktsoppfølging

Ein forvaltningsrevisjon vil kunne vurdere i kva grad kommunen har etablert system og rutinar i høve innkjøp som sikrar etterleving av anskaffingsregelverket og oppfølging av kontrakt. Vidare vil det

² Sjå omtale i vedlagt risiko- og vesentlegvurdering.

kunne vere relevant å velje ut enkelte eksempel og vurdere korleis anskaffingsregleverket og kontraktsoppfølginga fungerer i praksis.

Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde

Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kan vurdere i kva grad kommunen har etablert tilstrekkelige system som sikrar at sakshandsaminga føregår i samsvar med eige delegasjonsreglement, lov og forskrift. I ein forvaltningsrevisjon vil det også kunne vurdere i kva grad delegasjonsreglementet og tilhøyrande lov og forskrift vert etterlevd.

Strategisk risiko

Manglande kompetanse

Ein forvaltningsrevisjon kan sjå på korleis Tysvær kommune arbeider med å sikre riktig kompetanse. Irekna kva tiltak dei har verksett for å tiltrekke seg arbeidskraft, og korleis desse tiltaka vert følgt opp. Ein forvaltningsrevisjon vil også kunne evaluere korleis kommunen arbeider med å omstille den arbeidskrafta dei har, i høve tiltak for kompetanseutvikling og tiltak knytt til heiltidsstillingar.

Mangelfull måloppnåing knytt til miljø

Eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomgå korleis kommunen set mål knytt til miljø og klima, og vidare korleis dei jobbar med å oppnå desse måla.

Hensiktsmessig målstyring

I eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kan det vere aktuelt å vurdere kva system kommunen har for å måle effekten av ulike tiltak. Vidare vil det kunne vere aktuelt å gå inn og vurdere korleis dette er gjennomført for enkelttiltak.

Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitelet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

Haugaland Brann IKS

I ein forvaltningsrevisjon av Haugaland Brann IKS kan det vere relevant å vurdere korleis selskapet etterlev krav i regelverket og frå eigarkommunane. Det kan også vere relevant å gjere ein forvaltningsrevisjon som vurderer kva internkontroll selskapet har bygd opp generelt, og spesielt i høve økonomistyring. Det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon noko uti perioden, ettersom selskapet er ny-establisert.

Haugaland interkommunale miljøverk IKS

I ein forvaltningsrevisjon av dette selskapet kan det vere relevant å sjå på korleis verksemda sikrar og unngår ulovleg kryss-subsidiering mellom den lovpålagte delen og næringsdelen av verksemda. Det kan vidare vere relevant å vurdere korleis selskap etterlev krav i regelverket og frå eigarkommunane.

Krisesenter Vest IKS

I ein forvaltningsrevisjon av Krisesenter Vest IKS kan det vere relevant å gjennomføre ein eventuell forvaltningsrevisjon som vurderer korleis selskapet følgjer opp krisesenterlova.

Vedlegg 2

Om forvaltningsrevisjon

Formål med forvaltningsrevisjon

Det går fram av kommuneloven § 23-2 at kontrollutvalet skal sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen og fylkeskommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Formålet med forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske undersøkingar av den kommunale verksemda retta mot økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Forvaltningsrevisjonar skal gje kommunestyret relevant informasjon om verknader av offentlege tiltak og skal bidra til å gje kommunestyret eit betre grunnlag for å treffe vedtak, eventuelt endre tidligare vedtak. Forvaltningsrevisionar skal bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjonar

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon).

Forvaltningsrevisjonar kan til dømes omfatta undersøkingar om:

- a) forvaltinga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og føresetnadar,
- b) forvaltinga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er på området,
- c) regelverk vert etterlevd
- d) forvaltinga sine styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) avgjerdsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnadar og/eller om resultata for verksemda er nådd.

Forvaltningsrevisjon kan vinklast ut frå ein eller fleire analysetypar. Val av problemstillingar og revisjonskriteria bør sjåast i samanheng med kva analysetypar som vert valt i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Døme på ulike analysar er:

Analysetype	Skildring
Mål- og resultatanalysar	Med fokus m.a. på effektar og verknader av verksemd sett i forhold til formål og målsettingar.
System- og prosessanalysar	Med fokus m.a. på internkontroll, sikkerheitsaspekt, prosessuelle rutinar og prosedyrar (throughput); om desse er tilfredsstillande sett i forhold til krav som gjeld.
Produktivitet og effektivitetsanalysar	Med fokus m.a. på forholdet mellom input og output; forholdet mellom innsatsfaktorar og resultat.
Compliance analyser	Analysar med spesielt fokus på samsvar mellom de facto utføring og pålagte krav/rammevilkår.
Induktive analyser	Analysar med spesielt fokus på opplevde eller potensielle problemområde.

Tabell 1: Eksempel på ulike analyser som kan nyttast i forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon er eit eigna verkemiddel for å undersøke alle sider ved kommunal verksemd.



Kontakt oss

Eirik Braut

Director

T +47 95 23 87 58

E eirik.braut@kpmg.no

Bjørg Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorg.sandven@kpmg.no

kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.06.20	14/20
Kommunestyret	72.09.20	/20
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – TYSVÆR KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3.
4.
5.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre fra 2006 og sist endra 2012.

Tysvær kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

- Vedlegg:**
1. Plan for eigarskapskontroll i Tysvær kommune 2020 - 2020
 2. Risiko- og vesentlegvurderingar (sjå sak om plan forvaltningsrevisjon)
 3. Retningslinjer for eigarskapskontroll 2020-2024

Bakgrunn:

Eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover, forskrift, kommunestyret sine vedtak og kjente prinsipp for eigarstyring.

Det går fram av kommunelova § 23-4 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av første året i kvar valperiode.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

I møtet 02.12.19, sak 28/19 blei KPMG AS engasjert av kontrollutvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. Etter møtet den 04.02.20 deltok medlemmene i KPMG sin workshop, saman med forvaltningsrevisorane Fundingsrud og Sandven, hovudutvalsleiar Lilleskog, ordførar og rådmann. Workshopen var som ein del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Forvaltningsrevisor Sandven presenterte analysen og framlegg til plan i møtet 12.05.20, sak 9/20. Ho gjekk då igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne som aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i perioden, basert mellom anna på innspel som kom fram under workshop og innspel frå rådmannen si leiargruppe.

Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2 i sak om plan for forvaltningsrevisjon. I kapitel 3 gir KPMG ein oversikt over alle selskapa kommunen har eigarskap i, irekna aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap.

Dette analysesdokumentet er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine eigne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva selskap som skal bli gjenstand for eigarskapskontroll.

Tysvær kommune har ikkje eigne heileigde selskap, men er deleigar i 10 heileigde kommunale selskap. I fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigarkommunane.

Tysvær kommune har eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigd av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap. Oversyn over desse 14 selskapa finn ein under kap. 3.2 i vedlegget om risiko- og vesentlegvurdering. Desse selskapa og dei heileigde selskapa er nærmere omtalt med inntekter, årsresultat og kommunen sin eigardel.

Tidlegare planar

Fyrste plan blei vedtatt i 2006 for perioden 2006-07. I neste plan for perioden 2008-2011, vedtatt 17.02.09, sak 3/09, blei det valt ut to selskap. Det var Haugaland Kraft AS og Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS. Desse kontrollane blei gjennomført, saman med dei andre eigarkommunane i den perioden.

I 2012 gjorde utvalet framlegg om at det blei lagt opp til å føre opp fire prosjekt i løpet av dei neste fire åra. Det eine prosjekt gjaldt kommunen sin eigarstyring/eigarstrategi og dei andre var selskapa Krisenter Vest IKS, Haugaland Vekst IKS, Haugaland Kraft AS m/datterselskap eller Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS.

I perioden 2012-2016 blei det gjennomført selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland (IKA) IKS, Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS, saman med dei andre eigarkommunane, men ingen om eigarstyring.

I 2016 inneheldt planen for 2016-2020 fem prosjekt: kontroll med Tysvær kommune si eigarstyring, Karmsund Havn IKS, Krisenter Vest IKS, Haugaland Vekst IKS og Haugalandspakken AS.

I sist periode blei det gjort ein felles selskapskontroll av Karmsund Havn IKS, saman med dei andre fem eigarane. Oppfølging av rapporten/kontrollen blei lagt fram for kommunestyrene våren og hausten 2019.

Plan for 2020-2024

Vedlagt følgjer framlegg til Plan for gjennomføring av eigarskapskontroll for perioden 2020-2024.

I framlegget til ny plan har revisor i kap. 2 gjort framlegg om at følgjande tema blir prioritert for ein mogleg eigarskapskontroll i perioden 2020-2024, i uprioritert rekkefølge:

- **Generell eigarstyring**
- **Haugaland Kraft AS**
- **Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS**
- **Haugaland Vekst IKS**
- **Friluftsrådet Vest**

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjer

Tysvær kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagd fram for kommunestyret i 2009, 2012 og 2016. Ved sist revidering ble det tatt ut at selskapa årleg skulle sende inn firmaattest. Med dagens tilgang via Altinn har informasjonstilgangen blitt mykje betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

I følgje gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal dei evaluerast samtidig med revidering av planen. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 3.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det no er trong for endringar eller tillegg. Ordet selskapskontroll bør imidlertid skiftast ut med eigarskapskontroll då det er i tråd med bruken i den nye kommunelova.

Det som sekretariatet igjen vil minne om er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte. Nokre av dei små selskapa har fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å å gjere endringar i planen. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-4 siste setning.

Aksdal, 02.06.20

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekreter

Plan for eigarskapskontroll

2020-2024
Tysvær kommune

Juni 2020

www.kpmg.no

Forord

Kontrollutvalet i Tysvær kommune gav i møtet 2.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvalningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. Planen for eigarskapskontroll er fundert i ein analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for eigarskapskontroll med risiko- og vesentlegvurderinga som vedlegg. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Formålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Tysvær kommune som skal prioriterast for eigarskapskontroll.

Dette er ein plan for perioden 2020-2024.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av kommuneloven §23-4 om eigarskapskontroll¹.

¹ Lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner.

Innhald

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Formål	1
1.3 Metode	1
2. Tema for eigarskapskontroll	2
2.1 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll	2
2.2 Prioritering av område for eigarskapskontroll	2
Vedlegg 1 Utgreiing tema for eigarskapskontroll	3
Vedlegg 2 Om eigarskapskontroll	4

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter § 23-4 andre ledd i kommuneloven heiter det at: «*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*»

Kontrollutvalet i Tysvær kommune gav i møtet 2.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon eigarskapskontroll.

1.2 Formål

Formålet med plan for eigarskapskontroll er å prioritere område som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll i planperioden 2020-2024.

1.3 Metode

Som det går fram av kommuneloven § 23-4 skal plan for eigarskapskontroll vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemrd. Risiko- og vesentlegvurderinga for Tysvær kommune er vedlagt planen og utgjer grunnlaget for framlegg av denne planen. Skildringa av metode for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderinga går fram av vedlegget.

2. Tema for eigarskapskontroll

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll, basert på risiko- og vesentlegvurderinga som er gjennomført. Her vert også tematikk som *kan* vere relevant i ein eigarskapskontroll presentert.

2.1 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll

Område/selskap	Aktuelle tema for eigarskapskontroll
Generell eigarstyring	<ul style="list-style-type: none">Korleis kommunen gjennomfører eigarstyringa som heilheit, etablert system for eigarstyring og praksis.
Haugaland Kraft AS	<ul style="list-style-type: none">Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet og den økonomiske målsettinga med eigarskapet.
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none">Korleis kommunen følgjer opp selskapet og sikrar at målsettingane med selskapet vert nådd.
Haugaland Vekst IKS	<ul style="list-style-type: none">Vurdere korleis kommunen sikrar at det regionale næringsarbeidet vert ivareteke i samsvar med Tysvær sine mål.
Friluftsrådet Vest	<ul style="list-style-type: none">Kartlegge kva rammer samarbeidsorganet arbeider under. Korleis kommunen følgjer opp samarbeidsorganet.

2.2 Prioritering av område for eigarskapskontroll

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer kommunestyret følgjande område for eigarskapskontroll i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Haugaland Kraft AS

Andre område som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll er:

- ✓ Generell eigarstyring
- ✓ Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
- ✓ Haugaland Vekst IKS
- ✓ Friluftsrådet Vest

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Vedlegg 1 Utgreiing tema for eigarskapskontroll

Generell eigarstyring

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis Tysvær som heilheit gjennomfører si eigarstyring. Her kan det vere hensiktsmessig å gjennomgå kva system kommunen har etablert for eigarstyring og korleis dette vert gjort i praksis. Vidare kan det vere relevant å sjå på kva andre prosessar selskapet har i høve regelverk og etablerte tilrådingar, som styreval, likestilling, etc.

Haugaland Kraft AS

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis kommunen følgjer opp dette eigarskapet, og sikrar at kommunen oppnår avkastning i samsvar med målsetting.

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

Ein eigarskapskontroll kan gjennomførast for å vurdere korleis kommunen følgjer opp selskapet og sikrar at målsettingane med selskapet vert nådd.

Haugaland Vekst IKS

Ein eigarskapskontroll kan gjerast for å vurdere korleis kommunen sikrar at det regionale næringsarbeidet vert ivaretake i samsvar med Tysvær sine mål.

Friluftsrådet Vest

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis kommunen følgjer opp samarbeidsorganet og som kartlegg kva rammer samarbeidsorganet arbeider under.

Vedlegg 2

Om eigarskapskontroll

Formål med eigarskapskontroll

Det går fram av kommuneloven § 23-2 at kontrollutvalet skal sjå til at det vert gjennomført eigarskapskontroll av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen skal bidra til å ta i vare kommunen sin kontroll over verksemder som er organisert i selskap.

I kommuneloven som tredde i kraft hausten 2019 er ikkje omgrepene «selskapskontroll» vidareført. Omgrepene «eigarskapskontroll» er derimot vidareført, med tydinga kontroll av forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap. Tidligare var «frivillig/utvida» forvaltningsrevisjon i selskap ein omfatta av same forskrift som eigarskapskontroll. I den nye kommuneloven skal derimot forvaltningsrevisjon i selskap inngå i plan for forvaltningsrevisjon.

Gjennomføring av eigarskapskontroll

Gjennomføring og rapportering av eigarskapskontroll skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin rettleiar i selskapskontroll)².

